


Stad 2024

Kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan 2024-2028



Status og
utviklingstrekk for
samfunnet vårt

Innhald

1	Innleiing	2
2	Innbyggerane.....	3
2.1	Har hatt folketalsvekst.....	4
2.2	Fleire med innvandrarbakgrunn	6
2.3	Kjem til å bli færre innbyggerar	7
2.4	Er bustadattraktive	8
2.5	Få i yrkesaktiv alder.....	9
2.6	Størst potensiale i å få fleire til å bli buande	10
2.7	Aukande variasjon i bustadtype.....	11
2.8	God helse, låg sosial ulikskap.....	12
2.9	Godt oppvekstmiljø.....	13
2.10	Låg ulikskap i inntekt.....	15
2.11	Varierte fritids-, kultur- handels-, og servicetilbod.....	17
3	Næringslivet	18
3.1	Manglande arbeidsplassvekst	19
3.2	Låg samla verdiskaping i privat næringsliv.....	21
3.3	Låg næringsattraktivitet.....	22
3.4	Regional arbeidsmarknad er viktig	23
4	Miljøet	24
4.1	Auka klimagassutslepp.....	24
4.2	Utbygging på nye areal	24
4.3	Risiko for naturhendingar	25
5	Kommunen sine rammevilkår	26

1 Innleiing

Samfunnet vårt er i stadig endring. Stad vert påverka av sosiale, økonomiske, klima- og miljømessige endringar som skjer globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt.

Endringane fører med seg både fordelar og ulemper. Store og vedvarande endringar påverkar utviklinga i samfunnet over tid.

Stad kommune definerer i kva retning vi ønsker at utviklinga skal gå. Dette skjer gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging. Kunnskap om samfunnsutviklinga danner grunnlaget for arbeidet med å oppnå fordelane og redusere ulempene av endringane som skjer i samfunnet. Med utgangspunkt i vårt samfunn, må vi finne dei berekraftige løysingane for oss og for generasjonane som kjem etter.



Dette kunnskapsgrunnlaget handlar om dei store linjene i samfunnsutviklinga og skal bidra til å skape ei felles forståing av kva utviklingstrekk som ligg til grunn for dei lokale utfordringane vi står i.

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd våren 2024 som grunnlag for arbeidet med Stad kommune sin planstrategi 2024-2028.

2 Innbyggerane

Det er innbyggerane som bur og lever sine liv i Stad. For innbyggerane er livskvalitet viktig. Kva som gir livskvalitet varierer frå person til person og i ulike situasjonar og fasar av livet. Eit sosialt berekraftig samfunn oppnår vi gjennom trygge, inkluderande og utviklande lokalsamfunn. Framtida til Stad avhenger av innbyggerane sine ressursar og evner til å skape gode liv for seg sjølv og dei rundt seg.

Oppvekstmiljøet til barn er spesielt viktig. Eit godt oppvekstmiljø legg grunnlaget for eit godt liv. Barn kan ikkje sjølv velje kva oppvekstmiljø dei skal vere ein del av. Difor er det særskild viktig at innbyggerane og lokalsamfunnet gjer ein ekstra innsats for å skape og utvikle gode oppvekstmiljø.


I dette kapittelet er det gjort nærare greie for stauts og utviklingstrekk knytt til innbyggerane i Stad.

I korte trekk:

- Har hatt jamn folketalsvekst
- Fleire med innvandrarbakgrunn
- Kjem til å bli færre innbyggjarar – det er venta at Stad vil få ein folketalsnedgang
- Er bustadattraktive – har påverka eigen bustadattraktivitet i positiv retning
- Få i yrkesaktiv alder
- Størst potensiale i å få fleire til å bli buande – størst utflytting i aldersgruppa 18 til 28 år
- Aukande variasjon i bustadtype
- God helse, låg ulikskap
- Godt oppvekstmiljø
- Låg ulikskap i inntekt
- Varierte fritids-, kultur-, handels-, og servicetilbod

2.1 Har hatt folketalsvekst

I 2024 er det 9610 innbyggjarar i Stad. Samla sett har det vore ein **jamn folketalsvekst** dei seinare åra. Høg fruktbarheit og låg dødelegheit har gitt fødselsoverskot på 0,5 prosent i siste ti-årsperiode, på tross av forventa fødselsunderskot. Nettoinnflytting har vore 3,3 prosent i siste ti-årsperiode. Innvandring utgjør ein stor del av folketalsveksten. Utan innvandring ville folketalet minka.




Figur 1: Folketalsvekst fordelt på fødselsoverskot og nettoinnflytting (inkludert innvandring) i Stad kommune, og samanlikningsstadar i siste ti-års periode (2014-2023). Rangering blant kommunar i Noreg i parandes.

Kjelde: [Regional analyse](#)

Folketal – geografisk fordeling


Folk bur i heile kommunen. Halvparten av innbygarane bur i dei fem tettstadane i Stad: Nordfjordeid (3129), Selje (714), Mogrenda (378), Bryggja (348) og Torvika (234)¹.



Figur 2: Folketal i ulike delar av kommunen, 2024, oppgitt i tal personar. Illustrasjon basert på SSB tabell 04317 (innbygarar pr. grunnkrins) og bakgrunnskart frå fylkesatlas.

Endring i folketal – geografisk fordeling

Halvparten av grunnkrinsane har hatt nedgang i folketalet siste fem-årsperiode. Åtte grunnkrinsar har hatt ei folketalesauke på over 20 personar. Tre grunnkrinsar har hatt ein reduksjon på over 20 personar.²



Figur 3: Folketalesutvikling i ulike delar av kommunen, 2020-2024, oppgitt i tal personar. Illustrasjon basert på SSB tabell 04317 og bakgrunnskart frå fylkesatlas.

¹ SSB tabell 04861 og [SSB kart](#): Temakart; tettsteder 2023.

² SSB tabell 04317

2.2 Fleire med innvandrarbakgrunn

Av dei 9610 innbyggerane i Stad, er det 1154 innbyggjarar som har innvandrarbakgrunn (innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre). Dette er ein auke på 138 personar frå 2020 til 2024.³

Det er flest innbyggjarar med innvandrarbakgrunn frå Polen(167), Ukraina (100), Syria (86), Litauen (80) og Sverige(51)⁴.

Innvandrarak i Stad bur i større grad i hushald med vedvarande låg inntekt og i større grad trongt, enn resten av innbyggjarane⁵. I aldersgruppa 15-74 år, var det 582 innvandrarak som var sysselsette i 2023⁶. Lokalsamfunna sine evner til å inkludere innvandrarak i sosiale fellesskap er viktig for å oppnå integrering og redusere sosial ulikskap i helse.

³ SSB tabell 09817


⁴ SSB tabell 09817

⁵ Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) [Statistikk og nøkkeltall; Tall for Stad kommune; Arbeid og levekår](#)

⁶ SSB tabell 11607

2.3 Kjem til å bli færre innbyggjarar


Fram mot 2050 vil det bli fleire innbyggjarar i Noreg. Utviklingstrendane fører til at veksten stort sett vil skje i tilknytning til større byar. Om folketalsveksten nasjonalt følg hovudalternativet, er det **venta at Stad får ein folketalsnedgang**.



Figur 4: Tal innbyggjarar i Stad kommune, etter hovudalternativet for nasjonal vekst (2000-2050). Kjelde: [Regional analyse](#)

2.4 Er bustadattraktive

Stad har samla sett vore bustadattraktive i siste ti-års periode. Nettoflytting, summen av flytting til og frå kommunen, har vore betre enn forventa utifrå strukturelle forhold som kor sentralt ein er plassert geografisk, nasjonal nettoinnvandring, arbeidsplassvekst i områder det pendlast til og demografisk vekst i sysselsetting. Strukturelle forhold kan vi i svært liten grad påverke. Når vi oppnår betre nettoflytting enn forventa, betyr det at samfunnet vårt **har påverka eigen attraktivitet i positiv retning**.




Figur 5: Drivkrefter for folketalsutviklinga i Stad kommune, og samanlikningsstadar i siste ti-års periode (2014-2023). Kjelde: [Regional analyse](#)

2.5 Få i yrkesaktiv alder

Vi blir fleire eldre, færre barn og færre i yrkesaktiv alder. Dei demografiske endringane skjer i heile landet. Det inneber at det nasjonalt er utfordrande å oppretthalde velferdssamfunnet, då dette er bygd på ein modell med flest innbyggjarar i yrkesaktiv alder. I Stad har vi **ikkje klart å halde oppe folketalet blant innbyggjarar i yrkesaktiv alder**.

Det er flest barn og unge vaksne som innvandrar til Stad, dette bidrar til å halde oppe folketalet blant barn og unge og vaksne i yrkesaktiv alder⁷.




Figur 6: Tal innbyggjarar etter kjønn og alder i Stad kommune og landet, perioden 2022-2024. Kjelde: [Regional analyse](#)

⁷ [Regional analyse](#)

2.6 Størst potensiale i å få fleire til å bli buande

Kvart år flyttar det rundt 400 personar til Stad⁸. Det er bra for samfunnsutviklinga. Dess fleire som bur her, dess betre er grunnlaget for service- og tenestetilbod som det er behov for og ønske om, også blant etablerte innbyggjarar. Utfordringa for Stad er at det er rundt 350 som flyttar frå kommunen kvart år⁹. Om utviklinga held fram slik at det framleis flyttar rundt 350 personar årleg til kommunen, og vi klarer å påverke utviklinga slik at fleire vel å bli buande, vil vi få folketalsvekst i Stad.

I Stad er det **størst utflytting i aldersgruppa 18 til 28 år**. Trenden er eit sterkt sentraliserande flyttemønster. Dei fleste som flyttar frå Stad, flyttar til større byar som Bergen, Oslo, Ålesund og Trondheim¹⁰.



Figur 7: Innflytting, utflytting og nettoutflytting etter alder til Stad i perioden 2000-2022 (inkludert innvandring), oppgitt i tal personar. Kjelde: [Regional analyse](#)

⁸ SSB tabell 09588. I 2023 var det 396 som flytta til Stad og 328 som flytta frå Stad.

⁹ SSB tabell 09588

¹⁰ [Regional analyse](#). Tal flyttingar i perioden 2013-2023.

2.7 Aukande variasjon i bustadtype

Ein variert bustadmarknad er viktig for at innbyggjarar med ulike føresetnadar og livssituasjonar skal kunne ha ein eigna plass å bu.

Einebustad er den dominerande bustadtypen i Stad. Utviklinga dei siste fem åra, viser at det vert bygd flest nye bueiningar i bustadblokker (90), deretter som einebustadar (73), og tomannsbustadar (40).¹¹

I Stad er det flest hushald med to eller fleire vaksne utan barn (1567), deretter hushald med aleinebuande (1487) og hushald som består av ein eller fleire vaksne med barn (1031). Det har vore størst auke i hushald kategorisert som aleinebuande (475) og par utan heimebuande barn (430), i perioden 2005-2023.¹²

¹¹ SSB tabell 06830

¹² Kjelde: SSB tabell 06070

2.8 God helse, låg sosial ulikskap

Helsa vår vert stadig betre. Det gjeld og i Stad.

Nasjonalt er det forskjell på forventa levealder mellom personar med vidaregåande skule eller høgare utdanning og personar med grunnskuleutdanning, på 5,1 år. I Stad er det tilsvarande 3,3 år i forskjell, noko som er signifikant betre enn landet, og blant dei ti beste kommunane i Noreg.¹³

Det er samla sett låg sosial ulikskap i helse i Stad. Det er likevel også slik i Stad at dei med best helse er dei med lang utdanning, dei med god inntekt og dei som lever i parforhold. Det er ikkje-smittsam sjukdom er den største årsaka til tap av helse og leveår. Førekomsten er høgast i aldersgrupper rundt 70 år.

«Livskvaliteten i Norge er generelt høy, men skjevfordelt. ... De som oppgir dårlig livskvalitet, er særlig personer med levekårsrelaterte problemer som dårlig økonomi, arbeidsledige, uføre, personer som har redusert psykisk eller fysisk helse, som lever med nedsatt funksjonsevne, de skeive, samt de unge. Personer med flere levekårsbelastninger har særlig høy risiko for å oppleve dårlig livskvalitet.»

Livskvalitet kan definerast som subjektiv eller objektiv: *«Den subjektive livskvaliteten handler om hvordan livet oppleves for den enkelte. Den inkluderer både vurderinger av livet som helhet og av sentrale livsarenaer (som tilfredshet med samliv, økonomi og arbeidssituasjon), av fungering i det daglige (som mestring og mening), samt positive og negative følelser (som glede og tristhet). Den subjektive livskvaliteten kan variere fra god til dårlig, og kan oppleves som god selv under sykdom og på tross av belastninger som helseplager og økonomiske vansker. Den objektive livskvaliteten handler om sentrale sider ved livssituasjonen – som frihet, trygghet, helse, fellesskap og muligheter for selvutvikling. Dette er sentrale menneskelige behov som kan sees som mål i seg selv og dermed som del av et utvidet livskvalitetsbegrep. Tilfredsstillelse av disse behovene danner et viktig grunnlag for den subjektive livskvaliteten.»*¹⁴


¹³ [Folkehelseprofil for Stad, 2024](#) – perioden 2008-2022

¹⁴ FHI: [Livskvalitet i Norge](#)

2.9 Godt oppvekstmiljø


Under oppveksten er det viktig at barn har trygge rammer i liva sine og at dei får høve til å utvikle seg personleg og saman med andre. Barnehage, skule, organiserte fritidsaktivitetar og andre tilrettelagde møteplassar der barn og unge treffast, er viktige arenaer for å førebygge utanforskap¹⁵.

Over tid har det blitt færre barn i Stad. Dei siste ti åra har barnetala vore forholdsvis stabile.



Figur 8: Barn i alderen 0-17 år i Stad kommune, 1986-2024. Illustrasjon basert på SSB tabell 07459.

Barna i Stad bur spreidd i heile kommunen og har difor høve til å vere saman med andre barn i oppveksten, både i barnehage og skule og på fritida.



Figur 9: Barn og unge i ulike delar av kommunen, 2024, oppgitt i tal personar. Illustrasjon basert på SSB tabell 04362 (innbyggjarar pr. grunnkrins) og bakgrunnskart frå fylkesatlas.

¹⁵ [Oppvekstprofil for Stad 2024](#)

Oppvekstprofilen for Stad viser at 2 av 3 unge i Stad er fornøgde med helsa og at elevane i stor grad trivast på skulen. Dei unge er i mindre grad nøgde med treffstadar, signifikant dårlegare enn landet. Få barn bur i familiar som motttek sosialhjelp eller bur trangt. Unge i Stad trenar i større grad enn unge i landet og har i mindre grad psykiske lidingar. Førekomsten av overvekt og fedme blant 17 åringar er signifikant dårlegare enn landet.¹⁶

Nasjonale hovudfunn frå Ungdata-undersøkinga viser nokre nasjonale trendar¹⁷. Ungdomsgenerasjonen er veltilpassa og heimekjær. Færre enn før deltek i organiserte fritidsaktivitetar, bruken av treningsstudio aukar. Dette gjeld også for Stad. Det er stadig fleire som har negative skuleerfaringar, denne utviklinga ser vi til dels også i Stad. Det er fleire på vidaregåande som har prøvd narkotika.

¹⁶ [Oppvekstprofil for Stad 2024](#) – perioden 2020-2023


¹⁷ [Ungdata 2022 - Nasjonale resultat](#), [Ungdata Stad kommune – vidaregåande](#) og [Ungdata Stad kommune – ungdomsskule](#)

2.10 Låg ulikskap i inntekt

Stad ligg betre enn landet og fylket når det gjeld ulikskap i inntekt og tal personar som bur i hushald med vedvarande låg inntekt. Det er og færre hushald som har gjeld over tre gangar inntekt i Stad enn i landet og fylket.¹⁸

Nivået på median brutto inntekt er lågare i Stad enn i landet. I Stad er det hushald med aleinebuande (kr 423 000) og einslege med barn (kr 597 000) som har lågast inntekt og hushald beståande av par med barn (kr 1 285 000) og par utan barn (kr 913 000) som har høgast inntekt.¹⁹

Dei fleste innbyggjarane har utdanning på vidaregåande skulenivå. I Noreg er det stadig fleire innbyggjarar som tek høgare utdanning. Det gjer og innbyggjarane i Stad.²⁰



Figur 10: Sysselsette busette i Stad, etter næringsgruppe, 2020-2023. Kjelde: SSB-tabell 12539

Dei fleste innbyggjarane er sysselsette innan bransjane helse- og sosialtenester (1169), industri (592), varehandel, reparasjon av motorvogner (525), bygge- og anleggsverksemd (504), undervisning (397) og jordbruk, skogbruk og fiske (371). Blant innbyggjarane i Stad har det dei siste fire åra vore størst auke i sysselsette innan bransjane helse- og sosialtenester (+48), teknisk tenesteyting og eigedomsdrift (+38), varehandel, reparasjon av motorvogner (+36), er jordbruk, skogbruk og fiske (+29) og overnattings- og serveringsverksemd (+23). Tilsvarande størst reduksjon i sysselsette innan bransjane industri (-63) og transport og lagring (-28).

Ein del personar hamnar utanfor arbeidslivet, heilt eller delvis. Det påverkar inntektsgrunnlaget. Det er registrert 1,9 prosent heilt ledige og 1,4 prosent delvis ledige av arbeidsstyrken i april 2024,

¹⁸ [Folkehelseprofil for Stad, 2024](#) – ulikskap i inntekt i 2022 og vedvarande låg inntekt i perioden 2020-2022.

¹⁹ SSB tabell 06944, tal pr. 2022

²⁰ SSB tabell 09429, tal 2020, 2021 og 2022

tilgangen på ledige stillingar er avgrensa²¹. Blant vaksne i yrkesaktiv alder i Stad, var det i 2022, 9,9 prosent som var uføretrygda²² og 5,2 prosent som var mottakarar av arbeidsavklaringspengar²³.

I Stad har behovet for sosialstønad auka i 2023 (190). Det er fleire som mottek sosialstønad over lenger tid (51). Det er mange barn (146) som lever i familiar som har motteke sosialstønad.²⁴

Innbyggjarane i Stad har eit legemeldt sjukefråvær som ligg litt høgare enn landet, i fjerde kvartal 2023 låg det på 6,2 prosent²⁵.

²¹ NAV - [Arbeidssøkere](#), mars 2024

²² SSB tabell 11715

²³ SSB tabell 13061

²⁴ SSB tabell 14019

²⁵ SSB tabell 12449

2.11 Varierte fritids-, kultur- handels-, og servicetilbod

Fritids-, kultur-, handels- og servicetilbod er viktige for å dekke grunnleggande behov og for å auke livskvaliteten til innbyggjarane. Også omgjevningane med natur og uformelle møteplassar er viktige for helsa og identiteten vår.

Dei breie tilboda finn vi nær der folk bur, ofte med låg terskel for deltaking med låge krav til mobilitet. Dei smalare tilboda som færre er interessert i, er ofte tilgjengeleg på eit regionalt nivå, og krev i større grad mobilitet frå brukarane. Til saman utgjør desse arenaane for aktivitet og sosialt samvær eit variert tilbod som innbyggjarane kan engasjere seg i og delta i. Dette gjev gode mogelegheiter til å utvikle nye nettverk, også basert på interessefellesskap. Det er spesielt viktig å finne arenaer for å treffe andre sidan så mange flyttar til Stad. Mange tilbod er bygd opp rundt barn. Slike tilbod er ein viktig arena for å bidra til at barnefamiliar kan skape seg eit større sosialt nettverk. Det er utanforskap også i Stad. Det er innbyggjarar som manglar sosial tilknytning til samfunnet rundt. Desse arenaane er viktige for å inkludere flest mogeleg i samfunnet.

Nordfjordeid har over tid hatt ei større omsetning innan handel enn befolkninga i nærområdet skulle tilseie²⁶. Det inneber at det er mange som besøker området for å handle. I heile kommunen kjem det folk for å besøke området og oppleve natur og kultur.

²⁶ [Handel- og sentrumsutviklingsanalyse, Nordfjordeid \(2018\)](#)

3 Næringslivet

Næringslivet skapar arbeidsplassar og verdier, og gir folk mogelegheit til å bu, arbeide og utvikle kompetansen sin i regionen. Verdiane som vert skapt bidrar til eit berekraftig velferdssamfunn.

Både offentlege og private verksemdar er viktige for å tilby eit mangfald av arbeidsplassar og tenester i regionen. Gode og stabile rammevilkår gir næringslivet høve til å nytte ressursane på utvikling og investering.

Framover må velferd og verdiskaping utviklast innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Berekraftig næringsutvikling må ligge til grunn for alle delar av næringslivet. Grøne næringar, meir sirkulær økonomi, god infrastruktur og omstilling i offentleg sektor, samt sikring av ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringar som landbruk, fiskeri og reiseliv, skal prioriterast.²⁷

I dette kapittelet er det gjort nærare greie for stauts og utviklingstrekk knytt til næringslivet i Stad.


I korte trekk:

- Manglande arbeidsplassvekst – Nordfjord er ein av dei ti regionane i landet med dårlegast arbeidsplassutvikling.
- Låg samla verdiskaping i privat næringsliv
- Er ikkje næringsattraktive
- Regional arbeidsmarknad er viktig
- Tilgang på arbeidskraft med riktig kompetanse

²⁷ Kjelde: [Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)

3.1 Manglende arbeidsplassvekst

Talet på arbeidsplassar i Noreg aukar jamt. Veksten er størst i tilknytning til storbyregionar. Nordfjord har over ein lenger periode (2001-2023) hatt ein låg arbeidsplassvekst på 0,6 prosent, og er **blant dei ti regionane i landet med dårlegast arbeidsplassutvikling**. Samla sett har den årlege veksten av arbeidsplassar i Stad vore null i siste ti-årsperiode.²⁸




Figur 11: Årleg prosentvisvekst i tal arbeidsplassar i privat og offentlig sektor, i Stad 2013-2022, dekomponert i ulike drivkrefter. *Bransjeeffekten seier noko om næringsstrukturen har bidratt til at veksten i næringslivet har blitt høgare eller lågare enn resten av landet. Næringsattraktivitet er avvik mellom faktisk og forventa (utifrå strukturelle vilkår – bransjesamansetjing og befolkningsvekst) arbeidsplassvekst.* Kjelde: [Regional analyse](#)

Det er 4366 sysselsette i næringslivet i Stad i 2023²⁹.

²⁸ [Regional analyse](#)

²⁹ SSB tabell 03321



Figur 12: Sysselsette med arbeidstad i Stad, etter næringsgruppe, 2020-2023. Kjelde: SSB-tabell 12539

Dei næringane som er størst og sysselset flest i Stad er helse- og sosialtenester (1200), industri (512), varehandel, reparasjon av motorvogner (466), bygge- og anleggsverksemd (443), undervisning (370) og jordbruk, skogbruk og fiske (350). Dei næringane i Stad, som har hatt størst auke i sysselsette dei siste fire åra er helse- og sosialtenester (+61), varehandel, reparasjon av motorvogner (+31), teknisk tenesteyting og egedomsdrift (+23), overnattings- og serveringsverksemd (+22), samt bygge- og anleggsverksemd (+11). Næringane i Stad som har hatt størst reduksjon i sysselsette dei siste fire åra er jordbruk, skogbruk og fiske (-30), samt industri (-30).


3.2 Låg samla verdiskaping i privat næringsliv

Eit aktivt næringsliv skapar verdjar.

Verdiskapinga varierer frå bransje til bransje og frå år til år. Verdiskapingsvekst kjem av nasjonal vekst, bransjeeffekt og avviket mellom forventa vekst (nasjonal vekst + bransjeeffekt) og faktisk vekst. I 2022 var den nasjonale veksten i verdiskaping 43,5 prosent, bransjeeffekten i Stad var negativ og veksten i verdiskaping i Stad vart mykje lågare enn forventa. Om vi ser vekk frå bransjane som er mest følsame for pris var veksten i verdiskaping i Stad høgare enn forventa.³⁰

Verdiskapinga er viktig for samfunnet, då verdiane som vert skapt vert fordelt på staten (meirverdiavgift), dei tilsette (løn), långivarane (rente) og eigarane (utbytte)³¹. Verdiskapinga i privat næringsliv kan oppsummerast i driftsresultat og lønnskostnadar. Driftsresultatet er viktig for at næringslivet skal kunne arbeide framtidretta med utvikling og investering. Lønnskostnadar gjev inntekter til dei som arbeider og når dei bruker pengar i regionen, gir det ringverknadar for lokalt næringsliv. Verdiskapinga i det private næringslivet i Stad var 1989 millionar kroner i 2022³².

Dei bransjane som skaper det beste driftsresultatet i Noreg er olje og gass, finans, eigedom og utleie, el-produksjon, prosessindustri, fiske og havbruk. Dei bransjane som har den største verdiskapinga i Stad, i siste ti-års periode, er fiske og havbruk, bygg og anlegg, næringsmiddelindustri, anna industri og butikkhandel.³³



Figur 13: Viser den totale verdiskapinga i 2022 (i prosent), fordelt på bransjar, rangert frå størst til lågast del av verdiskapinga i Stad. Dei fem bransjane med høgast verdiskaping i Noreg er utheva med feit skrift. Kjelde: [Regional analyse](#)

³⁰ Kjelde: [Regional analyse](#)


³¹ Store norske leksikon (SNL): [Verdiskaping](#)

³² Kjelde: [Regional analyse](#)

³³ Kjelde: [Regional analyse](#)

3.3 Låg næringsattraktivitet

Stad har samla sett, ikkje vore næringsattraktive i siste ti-års periode. Den faktiske veksten i næringslivet har vore lågare enn forventa utifrå nasjonal vekst, næringsstruktur og befolkningsvekst.



Figur 14: Næringsattraktivitet i Stad, i siste tiårs-periode. Kjelde: [Regional analyse](#)

Bransjane som har hatt den beste næringsattraktiviteten i Stad er barnehagar og undervisning, teknisk/vitskap tenester, prosessindustri og forretningstenester. Dei som har hatt den dårlegaste næringsattraktiviteten i siste ti-års periode er overnatting, bygg og anlegg, godstransport, persontransport, anna industri og andre tenester.

3.4 Regional arbeidsmarknad er viktig

Ein variert arbeidsmarknad er viktig for at det skal vere tilgang på ulike typar arbeidsplassar. Det er mange som pendlar mellom bustad og arbeid. Eit regionalt perspektiv er difor viktig når vi ser på næringslivet, arbeidsmarknaden og kompetanse hjå arbeidstakarane.

Arbeidsstyrken blant innbyggerane i Stad har auka, og er no i underkant av 5000. Litt over 7 av 10 innbyggerar både bur og arbeider i Stad. Resten av innbyggerane pendlar til andre kommunar. I 2023 er det 1340 som arbeider i andre kommunar. Mesteparten av pendlinga skjer til kommunane Kinn (360), Gloppen (148), Bergen (124), Stryn (99), Volda (69), Sunnfjord (60) og Vanylven (49).³⁴

Pendlinga til omkringliggande kommunar kan forklarast med dagleg pendling, frå område som ligg innan rimeleg reiseveg. Pendling til Bergen kan i stor grad forklarast med studentar som studerer og arbeider samtidig som dei er registrert som innbyggerar i Stad.

For næringslivet i Stad er det viktig å ha tilgang på arbeidskraft og kompetanse i heile regionen. I 2023 er det 1340 som pendlar til Stad frå andre kommunar. Mesteparten av pendlinga til Stad kjem frå kommunane Kinn (148), Gloppen (129), Volda (108), Stryn (105) og Vanylven (59).³⁵

For å få tilgang til riktig kompetanse er det viktig for næringslivet i Stad at innbyggerane i regionen kan heve sin formelle kompetanse utan å flytte. Arbeidstakarar som bur og arbeider i regionen samtidig som dei aukar kompetansen sin, vil meir sannsynleg halde fram med å bu og arbeide i regionen.

³⁴ SSB tabell 03321

³⁵ SSB tabell 03321

4 Miljøet

Vi påverkar miljøet vi lever i og miljøet vi lever i påverkar oss. Klimaet påverkar miljøet rundt oss, og vi påverkar klimaet gjennom måten vi lever på. Framtida handlar om å leve på ein måte som er bra for miljøet og bra for klimaet. Det vil også vere bra for oss.


Det er og viktig å hugse på naturen sin eigenverdi. Både landskapet, ville dyr og artar, naturmangfaldet. Naturen kan ikkje ivareta egne interesser, det er difor viktig å ta med perspektiv for natur, miljøet og klima i utviklingsarbeid.

I korte trekk:

- Auka klimagassutslepp
- Utbygging av nye areal
- Risiko for naturhendingar

4.1 Auka klimagassutslepp

Klimagassutsleppa i Noreg har gått ned med 4,7 prosent frå 1990 til 2022³⁶. I Stad har klimagassutsleppa auka frå 2020 til 2022.



Figur 15: Klimagassutslepp i Stad pr år, fordelt på sektor. 2009-2022. Kjelde: Miljødirektoratet: [Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker](#)

4.2 Utbygging på nye areal

Arealet i kommunen er ein av dei grunnleggande ressursane som skal forvaltast. Kommunen er arealplanmynde og skal ta omsyn til bruk og vern av ressursar i planlegginga. I Stad er det 694,50 km² landareal og 58,06 km² ferskvassareal³⁷. Av landarealet er det 1,60 km² som er dekkja av bygningar, ei auke på 0,05 km² dei siste fire åra, og 3,60 km² som er dekkja av veg³⁸. Når vi tek i bruk nytt areal er det svært viktig kva type areal det er slik at vi unngår å bygge ut karbonrikt areal.

³⁶ [Miljøstatus](#)

³⁷ SSB tabell 06198

³⁸ SSB tabell 10781

I Stad er det både bustad og næringsutvikling. Balansen mellom utbygging og å ta omsyn til landbruk, mineralressursar, friluftsliv, grønstruktur, landskap og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, er difor viktig også i Stad.

4.3 Risiko for naturhendingar

Landskapet i Stad, kombinert med klimaet aukar mogelegheitene for at samfunnet vert påverka av naturhendingar. Plassering og utforming av bygningar og infrastruktur kan bidra til å auke sårbarheita for slike hendingar. Landskapet inneheld fjell, bratt terreng, dalføre med kvikkleire, hav, fjord, innsjøar, elver, flate område. Naturhendingar som kan påverke samfunnet i Stad er skred (steinsprang, snøskred, jordskred, flaumskred, kvikkleireskred), flaum, stormflo og havnivåstiging, vind og brann i terrenget.

Klimaet påverkar og aukar sannsynet for naturhendingar. Framover vil det difor vere viktig å redusere samfunnet si sårbarheit for naturhendingar.


5 Kommunen sine rammevilkår

Stad kommune er plassert i sentralitetsklasse 5, blant dei nest-minste sentrale kommunane³⁹. [NOU 2020:15 Det handler om Norge](#) er difor relevant for å få eit djupare innblikk i kva utfordringar landets distriktskommunar står ovanfor.

Kommunane vert plassert i ulike KOSTRA-grupper basert på folkemengd og økonomiske rammevilkår. Stad er i KOSTRA-gruppe 2, med folketal mellom 2000 og 9999, låge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter (korrigerede inntekter)⁴⁰.

Kommunane er ein viktig tenesteleverandør til innbyggjarane, og får difor midlar frå staten for å ivareta innbyggjarane sine tenestebehov. Skilnadane mellom den økonomiske situasjonen i kommunane er store. Det kan forklarast med ulike avstandar mellom innbyggjarane i kommunen, ulik lånegjeld, kraftinntekter, havbruksfond, eigedomsskatt og fleire spesielle postar. I kva grad kommunane har omstilt seg og utvikla seg i takt med demografiske og økonomiske endringar over tid, påverkar og den økonomiske situasjonen. I Stad er det store avstandar (120 km reiseveg frå aust til vest). Lånegjelda er høg i Stad (113,4 prosent) i forhold til landet (91 prosent), og ein større del av lånegjelda (70,6 prosent) er i tillegg meir eksponert for renter enn i landet (46,7 prosent) forøvrig. Ein stor del av dei frie inntektene må nyttast til å dekke desse utgiftene. Stad kommune står i ein krevjande økonomisk situasjon.⁴¹

Kostnadane til å drive ein kommune er direkte knytt til kor mange innbyggjarar det er i kommunen⁴². Figur x viser at kostnadane vil auke samla sett, og mest for aldersgruppene 80 år og eldre.



Figur 16: Kostnader i ulike aldersgrupper i Stad, ved nøytral attraktivitet, fram til 2050. Kjelde: [Regional analyse](#)

Eit berekraftig driftsnivå er eit driftsnivå der ein har høve til å spare og ikkje er avhengige av å nytte oppsparte midlar til drift. Berekraftig drift gir handlingsrom.

³⁹ SSB [Sentralitetsindeksen](#)

⁴⁰ SSB

⁴¹ Stad kommune: Budsjett 2024 - handlingsprogram 2024-2027- [Stad kommune – status og rammevilkår](#)

⁴² [Regional analyse](#)